



## Referat frå styremøte 10. april 2018

Til stades: Harald Lie, Bodil Mannsverk, Finn Egil Adolfsen, Tor Inge Eidesen, Aud Fossøy og Linda Kristin Oppedal .

Frå administrasjonen: Frode Alfarnes, Romar Skeie Olsen og Trude Soma Augestad.

### Sak 16/18 **Godkjenning av protokoll frå førre styremøte**

#### **Vedtak**

Protokoll frå førre styremøte er godkjent.

### Sak 17/18 **Open post**

Bodil Mannsverk har motteke ein e-post frå Elisabeth Hokstad i nettverk for kvinnelege bønder. Dei ønskjer at ein kvinneleg representant frå NLT kjem på Agroteknikk messa i Lillestrøm for å informera nettverket om søknadsprosedyrar, regelverk rundt graviditet, kvinner og små born på gard samt HMS i landbruket. Elisabeth Hokstad har fått eit førebels svar på handvinginga si. Bodil Mannsverk sender e-posten vidare til administrasjonen som ser på kven som eventuelt kan ta denne oppgåva for så å gje eit nytt svar.

### Sak 18/18 **Årsmøtet**

#### **A. Gjennomgang av arbeidsoppgåver**

1. Opning av/styreløiar Harald Lie
2. Cecilie Nilsen, Årets unge bonde 2017 held sitt innlegg
3. Godkjenning av innkalling og sakliste v/møteleiar Nina V. Ranøien
4. Val av skrivar og to til å skrive under møteboka v/møteleiar
5. Namneopprop, - eventuelle fullmakter v/møteleiar
6. Årsmelding v/styreløiar Harald Lie
7. Rekneskap v/dagleg leiar Frode Alfarnes  
Revisjonsmelding v/Aud Fossøy
8. Fastsetjing av kontingent v/Finn Egil Adolfsen
9. Strategisk plan 2018-2021 v/arbeidsgruppa.  
Frode Alfarnes har laga ein PowerPoint presentasjon. Finn Egil Adolfsen og Harald Lie presenterer strategiplanen.
10. Arbeidsplan, v/nestleiar Bodil Mannsverk.
11. Vedtektsendringar v/Tor Inge Eidesen.
12. Budsjett til orientering v/Finn Egil Adolfsen.
13. Val etter vedtektene v/valnemnd Ola Norvald Hagen.

#### **B. Innlegg ved Geir Pollestad.**

**C. Kåring av årets lag** under festmiddagen, Harald Lie og Frode Alfarnes.

**D. Gjennomgang av materiell som skal brukast på årsmøte.**

**E. Registrering.** Linda Kristin Oppedal og Aud Fossøy.

**F. Møte med møteleiar, og leiar av valnemnda.**

**G. Diverse.**

#### **Vedtak**

Styret tek saka til etterretning.



Sak 19/18

**Rekneskap per 31. mars 2018**

Frøde Alfarnes gjekk gjennom rekneskapen.

Tre fjerdedelar av forsikringa er no bokført.

Medlemskap hjå Landbrukssamvirke er fakturert med 14 000 kroner og det er venta ein ny faktura for kjøp av tenester. Dette vert ei sak på neste styremøte.

**Vedtak**

Rekneskap per 31. mars 2018 er teke til etterretning.

Sak 20/18

**Søknad om medlemskap Gjesdal Avløysar- og Rekneskapslag SA**

Gjesdal Avløysar- og Rekneskapslag SA har sendt inn søknad om å bli medlem i NLT. Etter vedtektene skal dette godkjennast av styret. Som det kjem fram av søknad så vil dei no arbeide for å innføre arbeidsgjevaransvar.

**Vedtak**

Gjesdal Avløysar- og Rekneskapslag SA vert tatt opp som medlem i NLT. Dei vert fakturert for fast medlemskontingent på kr. 7.500,- for 2018. Styret presiserer viktigheita av at Gjesdal Avløysar og Rekneskapslag AS forstår kriteria for medlemskap i NLT.

Sak 21/18

**«Bransjeforeining» i NHO Mat og Drikke**

Det har tidlegare vore diskutert krav til medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon som ein del av medlemskapet i NLT. Dette med bakgrunn i eit ønske om å framstå som ein profesjonell organisasjon. Eit alternativ til dette er at NLT går inn som «bransjeforeining» i NHO Mat og Drikke. Eit krav vil vera gjennomgåande medlemskap i NLT, NHO Mat og Drikke og NHO. Ein vil då kunne få større innflytelse på prioriteringar i NHO Mat og Drikke. I tillegg så vil ein kunne delta på månadlege leiarmøte i NHO Mat og Drikke.

I dag så er det 26 av våre 87 medlemslag som ikkje er medlem i NHO Mat og Drikke. Før eit eventuelt vedtak bør vi få meir informasjon frå NHO Mat og Drikke om fordelar og ulemper med ei slik tilknytning.

**Vedtak**

NHO Mat og Drikke vert invitert til styremøtet i forkant av vårsamlinga for å informere styret om kva ei tilknytning som bransjeforeining vil bety for NLT. Det vert lagt opp til informasjon på vårsamlinga om kva ein bransjeforeining er.

Sak 22/18

**Tilbod frå Proresult AS**

Landbruk Nordvest har inngått eit samarbeid med Proresult AS om å ta i bruk Proresult Timesystem. I samband med dette så har Proresult AS sendt tilbod til andre lag i Møre og Romsdal om å ta i bruk same systemet. Vi har hatt kontakt med Proresult AS for å få meir informasjon om løysinga og pris på denne. I samband med dette har vi fått eit tilbod.

NLT har vedteke at vi skal nytte Webtemp, men bør uansett undersøka kva andre har å tilby.



Den største skilnaden mellom Proresult og Webtemp er at Proresult er eit meir reint timeregistreringssystem og er lisensiert per brukar. Trude Soma Augestad og Frode Alfarnes orienterte.

### Vedtak

NLT prioriterer Webtemp som system. Webtemp inneheld fleire tenester, samla i ei løysing, som er til nytte for våre medlem/kundar. I tillegg så har Webtemp ein meir oversikteleg kostnadsstruktur.

Sak 23/18

### Samarbeid Matmerk – KSL

Matmerk og Arbeidstilsynet har signert samarbeidsavtale om å sjå KSL som ein bransjestandard. I samband med dette ser vi på områder der vi og Matmerk kan samarbeide med tanke på HMS hos våre oppdragsgjevarar.

KSL-revisorar og Arbeidstilsynet hadde eit felles møte 3. april, for å sjå på innsyn og tilgang i KSL, der NLT var representert av styreleiar Harald Lie. Bakgrunn for eit eventuelt samarbeid er eit ønske om at våre medlemmer ikkje skal måtte drive med dobbeltarbeid. Endring av dei skjema vi ønsker i KSL vil ikkje kunne gjennomførast før til hausten i ny digitalt plattform.

### Vedtak

NLT i samarbeid med NLR, Matmerk og Arbeidstilsynet ser på kva vi kan oppnå ved å få tilgang til KSL i landbrukstenestene.

Sak 24/18

### Referatsaker

#### A. Møter med avtalepartane - jordbruksforhandlingar

Harald Lie, Aud Fossøy og Frode Alfarnes har hatt møte med faglaga. I tillegg har vi vore i møte med departementet for å diskutere løysingar for å gjera det daglege arbeidet med velferdsordningane betre for bonden og laga.

#### B. Representantskapsmøte i Bondelaget

Bodil Mannsverk orienterte.

#### C. Årsmøte i Gjesdal Avløyssar- og Rekneskapslag SA

Tor Inge Eidesen orienterte.

NLT var invitert for å fortelje om fordelane med å ha arbeidsgjevaransvaret i laget.

#### D. Årsmøte NLR

Harald Lie orienterte.

#### E. Samarbeidsmøte NLR

Harald Lie og Frode Alfarnes representerte NLT.

Det er faste møter i året for å sjå på kva område vi kan samarbeide og diskutere utvikling i organisasjonane.

#### F. Samarbeidsmøte NHO Mat og Drikke

Frode Alfarnes orienterte.

NLT og NHO Mat og Drikke har eit årleg samarbeidsmøte. Tema som vart teke opp var med anna; Evaluering av samlingar samt planlegging av framtidige samlingar. NLT skuln. Kva NHO Mat og Drikke kan hjelpe med. Bransjeforeining, forsikringar og GDPR.



### **G. Nasjonal fagkompetanse for landbrukshelse**

Tor Inge Eidesen representerte NLT.

«Ikke en bonde å miste» var tittelen på møtet.

### **H. Fagdag dyrevelferd**

Tor Inge Eidesen orienterte. Forskarar frå Mattilsynet heldt innlegg. Med fokus på samanhengen mellom dyrevelferd og psykisk helse. Formålet er å belyse problemstillinga samt spreie informasjon.

### **I. Trøndelagstreffet**

Finn Egil Adolfsen orienterte.

Alle laga i Trøndelag var invitert til samling. 2/3 av laga møtte. Dette er ein arena for nettverksbygging og fagleg samarbeid. Mattilsynet heldt innlegg. Det var og gjennomgang av strategiplanen og årsmøtesaker til NLT .

### **J. Møte Fylkesbondelag**

Aud Fossøy og Finn Egil Adolfsen orienterte om møtet hjå Fylkesbondelaget.

### **K. Krinsmøte Landbrukstenester Folgefonna**

Frode Alfarnes orienterte.

NLT var invitert til krinsmøtet på Gol og Frode Alfarnes informerte om dei utfordringar vi ser i velferdsordningane og drift av lag.

### **L. Styremøte MHO Mat og Drikke**

Harald Lie orienterte.

### **M. Årsmøte med Nord-Trøndelag bondelag**

Finn Egil Adolfsen orienterte.

Det er stor merksemd på velferdsordningane i år.

### **N. Landbruksvikarsamling i Møre og Romsdal**

Romar Skeie Olsen representerte NLT, og informerte om organisasjonen og dei ulike forsikringsordningane vi tilbyr.

### **O. Møte med Vestfold LT og LT Folgefonna. 2+2 ordninga**

Etter ønske frå LT Folgefonna har Frode Alfarnes hatt eit møte med Vestfold LT og LT Folgefonna for å diskutere kva som skjer med lærlingordninga i landbruket og kva vi bør ha fokus på framover.

### **Vedtak**

Orienteringar er teke til etterretning.

Sak 25/18

### **Representasjon**

#### **A. Årsmøte Samvirkesenteret**

Årsmøte i Samvirkesenteret vert arrangert 24. mai på Thon Hotel Opera i Oslo.

### **Vedtak**

Finn Egil Adolfsen skal representere Norske Landbrukstenester på Samvirkesenteret sitt Årsmøte. Han ordnar sjølv påmelding.



Sak 26/18

**Val til valnemnd på årsmøtet**

Det kjem ikkje klart fram i innstillinga frå valnemnda at årsmøtet skal velja ny leiar til valnemnda.

**Vedtak**

Møteleiar og leiar i valnemnd vert gjort merksam på dette.

Referent: Trude Soma Augestad

<hr/>	<hr/>
<hr/>	<hr/>
<hr/>	<hr/>